

Utval: Utval for opplæring og helse
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 12.03.2019
Tidspunkt: 10.00-12:35

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Emil L. P. Gadolin	Leiar	A
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Dan S. Femøen	Medlem	H
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Daniel Charles Hextal	Medlem	SV
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	V
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Tor Andre Ljosland	Medlem	KRF
Torgeir Toppe	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Jeanette Syversen	Medlem	R

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Christoffer Thomsen	Rosalind Fosse	FRP
Arild Borgen	Jeanette Syversen	R

Merknad:

Ragnhild Fagerbakke møtte ikkje. 14 medlemmer tilstades.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Arne Åsan	Fylkestannlege
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellestenester, opplæringsavdelinga
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule, opplæringsavdelinga
Torbjørn Mjelstad	Seksjonsleiar fagopplæring, opplæringsavdelinga
Annbjørg Laupsa	Seksjonsleiar oppfølgingsteneste, opplæringsavdelinga
Berit Nyland	Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Utvalssekretær, fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 13/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 14/19	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 15/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 11/19	Status handlingsprogram regional plan for folkehelse	2019/681	
RS 12/19	Tannhelsesdata 2018	2019/2386	
PS 16/19	Innkome spørsmål frå politikarane		
FO 2/19	Spørsmål frå Ljosland (Krf) - Tilbakekalling av godkjenning av friskoler overfor utdanningsdirektoratet	2019/2574	
FO 3/19	Spørsmål frå Ljosland (Krf) - Skolelag	2019/2574	
PS 17/19	Ymse		
PS 18/19	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 1 - 2019	2019/1432	
PS 19/19	Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, tiltak 2019	2018/17373	
PS 20/19	Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi - unntaksordning for 2019	2018/14191	
PS 21/19	Søknad gjennom Vigo til programområde med vekt på eit særleg tilbod	2018/16397	
PS 22/19	Uttale - Høyring forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring	2019/2185	

PS 13/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

John Helge Gullaksen (H) etterlyste informasjon om søkjertala til Vgs 2019. Fylkesdirektør opplæring svarte. Informasjon vil bli gitt mot slutten av møtet.

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 14/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Vedtak

Møteprotokoll frå møte den 05.02.2019 vart godkjent utan merknader.

PS 15/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Referatsakene RS 11/19-12/19 vart refererte.

PS 16/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

FO 2/19 Spørsmål frå Ljosland (Krf) - Tilbakekalling av godkjenning av friskoler overfor utdanningsdirektoratet

Fylkesordføreren skisserte i fylkestinget 5.mars at hun ville ta et initiativ til fylkestinget i juni med en sak knyttet til tilbakekalling av godkjenning av friskoler overfor utdanningsdirektoratet. Det er imidlertid uklart om dette gjaldt konkret Akademiet og Bergen private gymnas, eller om det var generelle kriterier for når fylkeskommunen skulle gå til dette drastiske skrittet å anbefale at en godkjenning ble trukket tilbake.

Fylkeskommunen fører ikke tilsyn overfor friskolene. Dette gjøres av utdanningsdirektoratet og fylkesmennene. Vår dokumentasjon må da baseres på andre instanser som har selvstendig myndighet til sanksjonering.

Spørsmål:

1. vil saken til fylkestinget innebære generelle rutinger og retningslinjer eller basere seg kun knyttet til nevnte friskoler?
2. mener fylkesrådmannen at fylkesmannen og utdanningsdirektoratet ikke gjennomfører tilstrekkelige tilsyn og sanksjonerer hardt nok overfor friskolene?

Svar på spørsmål frå Tor Andre Ljosland (KrF):

Fylkesrådmannen viser til fylkesordføreren sitt svar på spørsmål frå partiet Raudt Hordaland i fylkestinget 5. mars 2019 om brot på friskulelova. Fylkesrådmannen vil førebu sak til fylkestinget i juni som følgjer saksvegen via OPHE og FUV. Som det går fram av friskulelova §§ 2-1 og 7-2, er det Utdanningsdepartementet/Utdanningsdirektoratet som har mynde til å godkjenne frittstående skular og som har tilsynsansvar med desse. Friskulelova fastset kva sanksjonar som kan brukast ved brot på godkjenningvilkåra gjennom §§ 7-2a og 7-2b.

Spørsmål 1: Fylkesrådmannen legg til grunn at saka har ei generell tilnærming i høve til fylkeskommunens rolle ved brot på godkjenningvilkåra i friskulelova (§ 2-1). Fylkesrådmannen er ikkje kjend med at Utdanningsdirektoratet har vedteke sanksjonar mot andre private skular i Hordaland enn Bergen Private Gymnas og Metis Akademiet.

Spørsmål 2: Fylkesrådmannen legg til grunn at myndet til å godkjenne og å føre tilsyn med friskulane er lagt til departement og direktorat. Spørsmål om tilstrekkeleg tilsyn og høvelege sanksjonar vil det vere naturleg å kome tilbake til i saka til fylkestinget

FO 3/19 Spørsmål frå Ljosland (Krf) - Skolelag

På Årstad VGS har elever ønsket å opprette et skolelag. Laget er en kristen ungdomsorganisasjon som vil gjøre Jesus kjent på alle skoler og studiesteder i Norge. Laget har en 95-årig tradisjon i Norge og er etablert på over 200 skoler. Rektor og opplæringsavdelingen har gitt avslag på søknaden om å få benytte lokaler til denne aktiviteten på Årstad.

1. Er fylkesrådmannen enig i at frivillige ungdomsorganisasjoner som utgangspunkt bør få benytte lokaler dersom det er tilgjengelig kapasitet på skolene?
2. Vil fylkesrådmann ta initiativ til at avslag som blir gitt pga manglende kapasitet i utgangspunktet blir endret til "satt på venteliste"?

3. Vil fylkesrådmannen legge til grunn at enhver søknad om å benytte lokaler vurderes selvstendig og ikke få avslag fordi andre har fått avslag på andre typer bruk av lokaler?

4. Vil fylkesrådmannen i denne saken ta initiativ til at det gjøres en ny vurdering for å finne en praktisk løsning for at skolelaget kan avholde møter?

Svar på spørsmål frå Tor André Ljosland (KrF) – Skolelag

1. Er fylkesrådmannen enig i at frivillige ungdomsorganisasjoner som utgangspunkt bør få benytte lokaler dersom det er tilgjengelig kapasitet på skolene?

Fylkesrådmannen er positiv til at frivillige ungdomsorganisasjonar er aktive og engasjerer seg. Dersom skulen har tilgjengelig kapasitet meiner derfor fylkesrådmannen at skulen bør vere open for at frivillige ungdomsorganisasjonar får nytte ledige lokalar. Tilgjengelig kapasitet er uansett ei løypande vurdering som rektor gjer.

Det er likevel nokre atterhald som må gjerast. Dette går på at vi ikkje kan akseptere at det vert tildelt faste rom. Vidare må aktiviteten samsvare med formålet i opplæringslova. Det inneber at skulen kan nekte organisasjonar som går mot dette. Det må også vere snakk om ikkje-kommersielle ungdomsorganisasjonar. Ordensreglementet gjeld for ungdomsorganisasjonen medan dei får nytte skulens lokalar.

2. Vil fylkesrådmann ta initiativ til at avslag som blir gitt pga manglende kapasitet i utgangspunktet blir endret til "satt på venteliste"?

Dersom hovudargumentet for å gi avslag går på manglende kapasitet kan sjølvstøtt avslaget verte endra til å bli «satt på venteliste». Eventuelt gir man eit tidsavgrensa avslag. Seinare, ved ny vurdering av tilgjengelig kapasitet, må søknaden som har fått avslag tidlegare vurderast før andre søknadar som er komne inn i ettertid.

3. Vil fylkesrådmannen legge til grunn at enhver søknad om å benytte lokaler vurderes selvstendig og ikke få avslag fordi andre har fått avslag på andre typer bruk av lokaler?

Fylkesrådmannen legg til grunn at kvar søknad sjølvstøtt skal vurderast for seg. Vi må likevel ha ein prinsipiell tilnærming som sikrar lik handsaming og heilskap. Avgjerdene må skje på skulenivå. Skuleeigar bør likevel ha oversyn for å sikre likskap på skulane. Dette kan skje ved at skuleeigar til dømes får kopi av svarbrev frå skulane.

4. Vil fylkesrådmannen i denne saken ta initiativ til at det gjøres en ny vurdering for å finne en praktisk løsning for at skolelaget kan avholde møter?

Ja, gitt dei atterhalda som er omtala ovanfor.

For at vi skal få lik handsaming på skulane våre vil fylkesrådmannen opprette rutinar for korleis og på kva måte søknader om bruk av skulens lokalar til frivillige, ikkje-kommersielle ungdomsorganisasjonar skal handsamast. Dette vil verte innarbeidd i rutinen vi allereie har for politisk verksemd ved skulane våre.

PS 17/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Orienteringar:

- Korleis oppfølging av skulevalet til hausten er planlagt frå Hordaland fylkeskommune si side. Ved Berit Nyland, seniorrådgjevar opplæringsavdelinga.
- Om korleis tilbodet til elevar frå Hordaland som går i Rogaland vert organisert innanfor OT/PPT.

Ved Annbjørg Laupsa, seksjonsleiar, opplæringsavdelinga.

- Årsresultat 2018 og budsjett 2019. Ved Birte Andersen Haugen, seksjonsleiar opplæringsavdelinga.
- Skuleskyss for elevar frå Indre Masfjorden. Ved Birte Andersen Haugen, seksjonsleiar opplæringsavdelinga.
- Søkjertala til Vgs 2019. Ved Birte Andersen Haugen, seksjonsleiar opplæringsavdelinga.

Arild Borgen (R) etterlyste svar på når saka om spesialundervisning kjem.

Arild Borgen (R) sette fram følgjande forslag:

«Utval for opplæring og helse støtter elevenes engasjement og mener derfor at elevene ikkje skal få fravær for dette. (Hvis elevene har fått eller ville fått fravær for dette.)»

Røysting

Borgen sitt forslag fekk 2 røyster (R og SV) og falt.

John Helge Gullaksen (H) sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til utval for miljø og samferdsel:

«Vedkommande skuleskyss til elevar i Masfjorden:

I periodar fram til 29. april 2019 når det kommer ny skuleskyss for elevar frå Masfjorden, foreslår vi at det vert leid inn ein minibuss for desse elevane med avgang kl. 16.00 frå Knarvik, og frå Masfjorden torsdag morgon.»

Røysting

Gullaksen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Dan S. Femoen (H) etterlyste svar i sak PS 102/18 Ymse, den 27.11.2019, oversendingsforslag til Kontrollutvalet.

Dan S. Femoen (H) etterlyste svar i sak PS 5/19 Ymse, den 05.02.2019:

«Ber om ein orienteringssak ad ein eventuell flytting av voksenopplæringstilbodet frå Hjeltnes til Voss til neste møte i utval for opplæring og helse.»

Emil Gadolin (A) sette fram følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Karrieresenter Bergen er i dag lokalisert på fylkesbygget i Bergen sentrum. Karrieresenteret tilbyr gratis karriereveileiing og er ei viktig satsing for fylkeskommunen. Karrieresenter Bergen har eit stort geografisk nedslagsfelt og er eit av tre karrieresentre i fylket. Som kjent er det planlagt ein midlertidig flytting av fylkesbygget til Sandsli som følge av omfattande ombygging og rehabilitering av dagens bygg i Agnes Mowinckelsgate. Karrieresenteret er eit forholdsvis nytt tilbod til innbyggjarane i Hordaland, og ein kan dermed argumentere for at det er særst viktig at det vert opplevd som tilgjengeleg for publikum. Det kan potensielt også regnes eit meir utadretta tenestetilbod enn andre funksjoner som i dag held til på fylkesbygget. Kva er fylkesrådmannens planer for lokalisering av Karrieresenter Bergen under og etter rehabiliteringsfasen?»

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Emil Gadolin (A) sette fram følgjande forslag:

«Viser til sak på nrk.no datert 11. mars 2019 der Trygg Trafikk påstår at elevar som nyttar seg av skoleskyss ikkje får sitteplass. Trygg Trafikk meiner at fylkeskommunane må stille strengare krav til transportselskapa. Utvalet ønsker en orientering frå Skyss om temaet under førstkommande utvalsmøte.»

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

PS 18/19 Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 1 - 2019

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygg/rehabilitering	26 950 000	
10 777.025.00	02300	00209	Universell utforming – Dokumentasjon	1 500 000	
10 628.020.00	02320	02173	Odda vgs – Universell utforming	4 500 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		32 950 000
				32 950 000	32 950 000

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygg/rehabilitering	26 950 000	
10 777.025.00	02300	00209	Universell utforming – Dokumentasjon	1 500 000	
10 628.020.00	02320	02173	Odda vgs – Universell utforming	4 500 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		32 950 000
				32 950 000	32 950 000

PS 19/19 Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, tiltak 2019

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, rullering 2019. Fordelinga på tiltak vert slik:

Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt	1 300 000
Etterutdanning:	
Fagnettverk	6 000 000
Andre nettverk	850 000
Anna etterutdanning:	
Lærarar	2 380 000
Skuleleiing	250 000
Faglege leiarar/instruktørar og prøvenemnda	2 080 000
Miljøarbeidarar	150 000
Vidareutdanning:	
Lærarar, rådgjevarar, rektorutdanning, miljøarbeidarar	24 556 000

Det er gjort mindre endringar i prioritering av tiltak. Fagnettverka har fått ei styrking i sitt budsjett i samband med fagfornyinga.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 29.01.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, rullering 2019. Fordelinga på tiltak vert slik:

Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt	1 300 000
Etterutdanning:	
Fagnettverk	6 000 000
Andre nettverk	850 000
Anna etterutdanning:	
Lærarar	2 380 000
Skuleleiing	250 000
Faglege leiarar/instruktørar og prøvenemnda	2 080 000
Miljøarbeidarar	150 000
Vidareutdanning:	
Lærarar, rådgjevarar, rektorutdanning, miljøarbeidarar	24 556 000

Det er gjort mindre endringar i prioritering av tiltak. Fagnettverka har fått ei styrking i sitt budsjett i samband med fagfornyinga.

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 13.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til utval for opplæring og helse.

Innstilling frå administrasjonsutvalet til utval for opplæring og helse

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, rullering 2019. Fordelinga på tiltak vert slik:

Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt	1 300 000
Etterutdanning:	
Fagnettverk	6 000 000
Andre nettverk	850 000
Anna etterutdanning:	
Lærarar	2 380 000
Skuleleiing	250 000

Faglege leiarar/instruktørar og prøvenemnda	2 080 000
Miljøarbeidarar	150 000

Vidareutdanning:

Lærarar, rådgjevarar, rektorutdanning, miljøarbeidarar	24 556 000
--	------------

Det er gjort mindre endringar i prioritering av tiltak. Fagnettverka har fått ei styrking i sitt budsjett i samband med fagfornyninga.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, rullering 2019. Fordelinga på tiltak vert slik:

Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt	1 300 000
--	-----------

Etterutdanning:

Fagnettverk	6 000 000
Andre nettverk	850 000
Anna etterutdanning:	
Lærarar	2 380 000
Skuleleiing	250 000
Faglege leiarar/instruktørar og prøvenemnda	2 080 000
Miljøarbeidarar	150 000

Vidareutdanning:

Lærarar, rådgjevarar, rektorutdanning, miljøarbeidarar	24 556 000
--	------------

Det er gjort mindre endringar i prioritering av tiltak. Fagnettverka har fått ei styrking i sitt budsjett i samband med fagfornyninga.

PS 20/19 Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi - unntaksordning for 2019

Forslag til vedtak

1. Unntaksordning med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2019.
2. Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt inkl Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vert dermed 2,5 år (30 mnd).
3. Lærebedrifta og lærlingen må vere samde om den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra. Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 04.03.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Unntaksordning med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2019.

2. Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt inkl Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vert dermed 2,5 år (30 mnd).
3. Lærebedrifta og lærlingen må vere samde om den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra. Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Unntaksordning med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2019.
2. Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt. inkl Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfagetvert dermed 2,5 år. (30 mnd.)
3. Lærebedrifta og lærlingen må vere samde om den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om å få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra. Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

PS 21/19 Søknad gjennom Vigo til programområde med vekt på eit særleg tilbod

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune held fram med dagens ordning for inntak og opnar ikkje opp for søknad gjennom Vigo til programområde med vekt på eit særleg tilbod

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Dan S. Femoen (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem til Vigo IKS, representantskapet. Femoen opplyste at han ikkje har møtt til møter. Dan S. Femoen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Dan S. Femoen ikkje var inhabil, Jfr. Forvaltningslova § 6 1. og 2. ledd. Dan S. Femoen tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Hordaland fylkeskommune held fram med dagens ordning for inntak og opnar ikkje opp for søknad gjennom Vigo til programområde med vekt på eit særleg tilbod.

PS 22/19 Uttale - Høyring forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev slik uttale:

1. Eksamensperioden vert avkorta ved at eksamen på studieførebuande utdanningsprogram kan gjennomførast på fem dagar ved å ha to alternative eksamensdagar for alle trekkfag som elevane normalt tek på Vg3.
 - a. Meiner de at eksamensperioden bør komprimerast til fem dagar ved å halde alle sentralt gitte eksamenar på Vg3 (studieførebuande) i løpet av to dagar?
Svar: Ja
 - b. Vil eit slikt forslag gjere det lettare for skulane å planlegge og gjennomføre opplæringa i tråd med årstimetalet?
Svar: Ja
 - c. Ser de andre økonomiske eller administrative konsekvensar av framlegget?
Svar: Veit ikkje
Kommentar: I høyringsbrevet skriv Utdanningsdirektoratet at dei økonomiske og administrative konsekvensane for fylkeskommunane skal ytterlegare utgreiast.

Hordaland fylkeskommune har svært mange privatistar. Ved ei komprimering av eksamensperioden kan det vere utfordrande å finne tilstrekkeleg lokale til avvikling av eksamen. Det kan medføre auka leigekostnader og auka kostnader til vakthald m.m. Det er viktig at også dette vert vurdert som ein del dei økonomiske og administrative konsekvensane.
2. Offentleggjinga av eksamenstrekket vert flytta, slik at elevane/deltakarane blir kjent med trekket tidlegare, t.d. to eller tre veker før første eksamen.
 - a. Vil ei endring av offentliggjerjing av trekket gjere det enklare å planlegge undervisninga?
Svar: Ja
 - b. Dersom de ønskjer ei endring, kva alternativ føretrekkjer de?
Svar: Alt. 1, 10 yrkedagar før eksamen
 - c. Meiner de tidspunktet for offentliggjerjing av trekk bør gjelde både sentralt gitt og lokalt gitt eksamen?
Svar: Ja
 - d. Meiner de trekket skal offentliggjerast felles for alle fag, eller meiner de det framleis skal vere skilje mellom sentralt gitte og lokalt gitte eksamenar?
Svar: Felles for alle
 - e. Vil forlaget føre til andre økonomiske eller administrative konsekvensar?
Svar: Nei
3. Standpunkt karakterar vert ikkje lenger sett før lokalt gitt eksamen er gjennomført. Det er gjort forslag om fleire alternative endringar, m.a. at standpunkt karakterar skal setjast seinast dagen før fellessensurmøtet, samstundes som eksamens karakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentliggjerast før etter fellessensurmøte.
 - a. Vil ei endring i føresegna i forskrift til opplæringslova § 3-18 om fastsetting av standpunkt karakterar i fag med lokalt gitt eksamen bidra til at årstimetalet i større grad vert oppfylt?
Svar: Ja
 - b. Vil det vere ei god løysing at eksamens karakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentliggjerast før etter fellessensurmøtet og at standpunkt karakterar i alle fag skal fastsetjast før dette møtet?
Svar: Ja

- c. Vil forslaget føre med seg andre økonomiske eller administrative konsekvensar?
Svar: Ja
Kommentarar: Endringane kan føre til komprimert tidsrom for klagebehandling. Det kan gje auka arbeidspress på dei fylkeskommunale klagenemndene i ein periode. Når eksamens- og standpunktkarakterar får om lag same offentleggjeringsdato, vil det vere enklare å kommunisere ut tidspunkt for offentleggjering.
4. Det er ikkje naudsynt at skuleåret varer i 38 veker, så lenge all opplæring vert gjennomført. Det er gjort framlegg om fleire alternativ til endring.
- a. Vil ei endring av føresegna til opplæringslova § 3-2 om lengda på skuleåret i større grad gjere det mogeleg å oppfylle årstimetalet før eksamenstida begynner?
Svar: Ja
 - b. Dersom ja, kva for alternativ føretrekkjer de?
Svar: Alt. 3, Skuleåret skal strekkje seg over minst 180 dagar. Elevane skal ha minst 7 veker samanhengande ferie.
5. Iverksetting
- a. Støttar de vår vurdering av når endringane kan tre i kraft?
Svar: Ja
6. Anna
- a. Har de innspel til andre endringar som kan bidra til at årstimetalet i større grad vert oppfylt?
Svar: Nei

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev slik uttale:

1. Eksamensperioden vert avkorta ved at eksamen på studieførebuande utdanningsprogram kan gjennomførast på fem dagar ved å ha to alternative eksamensdagar for alle trekkfag som elevane normalt tek på Vg3.
 - a. Meiner de at eksamensperioden bør komprimerast til fem dagar ved å halde alle sentralt gitte eksamenar på Vg3 (studieførebuande) i løpet av to dagar?
Svar: Ja
 - b. Vil eit slikt forslag gjere det lettare for skulane å planlegge og gjennomføre opplæringa i tråd med årstimetalet?
Svar: Ja
 - c. Ser de andre økonomiske eller administrative konsekvensar av framlegget?
Svar: Veit ikkje
Kommentar: I høyringsbrevet skriv Utdanningsdirektoratet at dei økonomiske og administrative konsekvensane for fylkeskommunane skal ytterlegare utgreiast.

Hordaland fylkeskommune har svært mange privatistar. Ved ei komprimering av eksamensperioden kan det vere utfordrande å finne tilstrekkeleg lokale til avvikling av eksamen. Det kan medføre auka leigekostnader og auka kostnader til vakthald m.m. Det er viktig at også dette vert vurdert som ein del dei økonomiske og administrative konsekvensane.

2. Offentleggjeringa av eksamenstrekket vert flytta, slik at elevane/deltakarane blir kjent med trekket tidlegare, t.d. to eller tre veker før første eksamen.
 - a. Vil ei endring av offentliggjerjing av trekket gjere det enklare å planlegge undervisninga?
Svar: Ja
 - b. Dersom de ønskjer ei endring, kva alternativ føretrekkjer de?
Svar: Alt. 1, 10 yrkedagar før eksamen
 - c. Meiner de tidspunktet for offentliggjerjing av trekk bør gjelde både sentralt gitt og lokalt gitt eksamen?
Svar: Ja
 - d. Meiner de trekket skal offentliggjerast felles for alle fag, eller meiner de det framleis skal vere skilje mellom sentralt gitte og lokalt gitte eksamenar?
Svar: Felles for alle
 - e. Vil forlaget føre til andre økonomiske eller administrative konsekvensar?
Svar: Nei

3. Standpunktkarakterar vert ikkje lenger sett før lokalt gitt eksamen er gjennomført. Det er gjort forslag om fleire alternative endringar, m.a. at standpunktkarakterar skal setjast seinast dagen før fellessensurmøtet, samstundes som eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentliggjerast før etter fellessensurmøte.
 - a. Vil ei endring i føresegna i forskrift til opplæringslova § 3-18 om fastsetting av standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen bidra til at årstimetalet i større grad vert oppfylt?
Svar: Ja
 - b. Vil det vere ei god løysing at eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentliggjerast før etter fellessensurmøtet og at standpunktkarakterar i alle fag skal fastsetjast før dette møtet?
Svar: Ja
 - c. Vil forslaget føre med seg andre økonomiske eller administrative konsekvensar?
Svar: Ja
Kommentarar: Endringane kan føre til komprimert tidsrom for klagebehandling. Det kan gje auka arbeidspress på dei fylkeskommunale klagenemndene i ein periode. Når eksamens- og standpunktkarakterar får om lag same offentliggjeringsdato, vil det vere enklare å kommunisere ut tidspunkt for offentliggjerjing.

4. Det er ikkje naudsynt at skuleåret varer i 38 veker, så lenge all opplæring vert gjennomført. Det er gjort framlegg om fleire alternativ til endring.
 - a. Vil ei endring av føresegna til opplæringslova § 3-2 om lengda på skuleåret i større grad gjere det mogeleg å oppfylle årstimetalet før eksamenstida begynner?
Svar: Ja
 - b. Dersom ja, kva for alternativ føretrekkjer de?
Svar: Alt. 3, Skuleåret skal strekkje seg over minst 180 dagar. Elevane skal ha minst 7 veker samanhengande ferie.

5. Iverksetting
 - a. Støttar de vår vurdering av når endringane kan tre i kraft?
Svar: Ja

6. Anna
 - a. Har de innspel til andre endringar som kan bidra til at årstimetalet i større grad vert oppfylt?
Svar: Nei